Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Herefoss

Emne: Skav. | Bygdelag:

Oppskr. av: Asborg Langemyr | Gard:

(adresse): Herefoss | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ola A. Gauslå, bonde, 69 år.

SVAR

Her i Herefoss kallar me alt
fôr som må raskast saman
i dårlige höyår for naudfor.
Det som blir mest nytta såleis
er skav, brom og lyng.
Me lyt skava åt krytra, blir
det sagt når det lid til våren
å skava - skavar - skov - skava
På ein gard skavar dei helst
litt kvart år, elles blir det
no svært sjeldan å höyre tale
om det. For 20-30 år sidan var
det meir vanleg, men helst i
vanskelige år, blir nytta som
naudfor altså.
Osp blir helst brukt til skav,
og så litt raun. Det blir brukt
til alle dyr også hesten. Og
dei fekk det for seg sjölv.
Det blir rekna som naudfor og
det blir nok heller mindre mjölk
den sida ein måtte til med skav.
Var det verkelig bruk for mykje
naudfor, nytta ein lyng.

5551